



DEN NORSKE KYRKJA

Balestrand Sokneråd

Kultur- og kirkedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

dok 564

200606109	20.11.06
Kode: ki-501	

Balestrand, 15.11.2006
Vår sakshandsamar: Jostein Risa
Vår ref.: 06/00036-009
Arkivkode: 008

NOU 2006:2 Staten og Den norske kyrkja – Høyringsfråsegn

Type høyringsinstans: Sokneråd i eittsoknskommune (sokneråd og fellesråd).

Fråsegna vart vedteken i møte 8.november 2006, sak 41/2006. Av 9 frammøtte rådsmedlemmer står 8 av medlemene samla bak høyringsfråsegna . 1 medlem, Audun Systad, ligg på linje med fleirtalet i Gjønnnesutvalet og Bjørgvin bispedømeråd. Når ikkje anna er oppgjeve gjeld dermed at 8 har røysta for, medan 1 har røysta mot.

Tala viser til spørsmåla i spørjeskjemaet. Her vert svara attgjevne og utdjupa:

1) Balestrand sokneråd ynskjer at trus- og livssynspolitikken skal vere nedfelt i Grunnlova og at Grunnlova i hovudsak skal bestå som ho er i dag.

2) Fleirtalet i soknerådet meiner at Den norske kyrkja som statskyrkje bør halde fram.

Hovudgrunngevinga for dette er eit ynske om at den kristne verdiforankringa i grunnlova skal bestå som i dag. Rådet ser det som svært problematisk å tømme Grunnlova for slikt verdigrunnlag.

Dersom ein tek bort grunnlovsforankringa ein har i dag vil det etter rådet sitt syn vere for enkelt for Stortinget (som ikkje har noko krav om kristen vedkjenning) som lovgjevar å gjere raske og omgripande endringar i Kyrkjelova med alminneleg fleirtal.

Soknerådet ser det samstundes som problematisk at kyrkja ikkje får utnemne sine eigne leiarar og ser at dette er eit hovudargument for dei som ynskjer avvikling av statskyrkja.

Gjønnnesutvalet har valt å ikkje uttale seg om moglege framtidig organisering ved eit eventuelt skilje. Rådet meiner at det er vanskeleg å seie ja til eit skilje når ein veit så lite om korleis kyrkja vil sjå ut etterpå. Døme på spørsmål: Kva skjer med sokna som sjølvstendige einingar og rettssubjekt dersom Kyrkjemøtet tek over det myndet kongen har i dag? På kva nivå skal arbeidsgjevaransvaret ligge?

Også finansieringa vert vurdert som eit ankepunkt mot modellane som talar for lausriving. Sjølv om kyrkja skulle ynskje dette har vi ved lausriving ingen garanti for at Stortinget vil grunnlovsfeste det som ei offentleg oppgåve å sørgje for religionsvesenet. Det er også lett å sjå for seg at Stortinget i framtida vil kunne vurdere det som vanskeleg å finansiere kyrkjesamfunn dei er svært ueinige med.

3) Balestrand sokneråd meiner at den norske kyrkja bør vere forankra i grunnlova. Her vert det vist til hovudgrunngevinga knytt til spørsmål 2.

4) Fleirtalet i Balestrand sokneråd meiner at kyrkja bør vere offentleg finansiert som i dag.

Balestrand sokneråd er eigar av ei freda steinkyrkje frå ca.1285 og ser eit stort behov for ei eiga statleg finansieringsordning for slike freda kyrkjer i tråd med framlegg frå fleirtalet i utvalet. (meir om dette under spørsmål 8)

5) Valordningane bør vere som i dag. **Samrøystes**

Balestrand sokneråd ynskjer at dei geografiske sokna skal vidareførast som grunneining i Den norske kyrkja med status som sjølvstendige rettssubjekt. Rådet ynskjer også auka grad av lokalt sjølvstyre ved at prestenesta vert lagt inn under lokalnivået, dvs at sokneråd/fellesråd får tilsetjingsrett og arbeidsgjevaransvar også for prestar.

Soknerådet ynskjer også at reformarbeidet innanfor noverande kyrkjeordning vert vidarført ved at prostestillingane vert endra frå embetsmenn til statlege tenestemenn og at det såleis er kyrkjelege styresmakter som sjølv utnemner prostane.

6) Fleirtalet i Balestrand sokneråd ser det som svært viktig at landet vårt vert styrt etter eit tydeleg kristent verdigrunnlag og ynskjer difor ikkje at §2 i grunnlova skal endrast.

7) Balestrand sokneråd meiner at den lokale kyrkja bør ha ansvaret for gravferdsforvaltninga

Argument:

- Praktisk av di kyrkjegardane er soknet sin eigedom og oftast samlokaliserte med kyrkjene slik at dei utgjer ein integrert heilskap.
- I alle dei nordiske landa har majoritetskyrkja ansvaret for gravferdsforvaltninga.
- Dei aller fleste er nøgde med den lokale gravferdsforvaltninga (jf. gallupar) og kyrkja har lang erfaring og mykje kompetanse på området. Profesjonelle nok til å takle andre livssyn.
- Kyrkja driv kostnadseffektivt
- Det gjev grunnlag for større stillingar innanfor kyrkja (der det elles kan vere vanskeleg å få tilsett folk i små stillingar.)

Samrøystes

8) Balestrand sokneråd meiner at generelt bør den lokale kyrkja eige kyrkjebygga, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret.

Samstundes - i tråd med fleirtalet i Gjønnnes-utvalet - ser soknerådet eit stort behov for

- ei eiga statleg finansieringsordning for freda og verneverdige kyrkjer
- at staten tek over eigarskapet til freda kyrkjer som ikkje lenger er i kyrjeleg bruk, men at lokalkyrkjelyden likevel kan nytte kyrkja vederlagsfritt nokre gonger i året.

Balestrand sokneråd meiner at gamle kyrkjebygg ofte er dårleg eigna samstundes som bygningsvern hindrar kyrkjelyden i å gjere ynskta endringar. I tråd med dette bør hovudgrunngevinga for vern av kyrkjer endrast frå "at kristen tro og kristent verdigrunnlag skal holdes levende i det enkelte lokalsamfunn og i samfunnet som helhet" til "samfunnets kulturhistoriske behov".

Samrøystes

med helsing

Jøstein Risa

Kyrkjeverje / Dagleg leiar

Vedlegg: Utfylt spørjeskjema med stemmetal

Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: **BALESTRAND SOKNERÅD**

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd+kirkelig fellesråd/~~bispedømmeråd~~ (SOKNERÅD I EITTSOKNUSKOMMUNE)
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

SJÅ HØYRINGSTRÅSEGN PKT. 1

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette 8 RØYSTER
- Bør avvikles 1 RØYST
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven 8 RØYSTER
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget 1 RØYST
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift 1 RØYST
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift 8 RØYSTER
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag 9 RØYSTER - SAMRØYSTES
- Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttende organer
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
- De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
- Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget 1 RØYST
- Det humanistiske verdigrunnlaget
- At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

SJÅ HØYRINGSFRÅSEGN. PKT 6

8 RØYSTER

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd) 9 RØYSTER - SAMRØYSTES
- Kommunen
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret 9 RØYSTER - SAMRØYSTES
- Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Vet ikke / ønsker ikke å svare